










REGIONRÅDET  
VEST

## INNKALLING TIL STYREMØTE

<b>Stad:</b>	Kommunehuset i Skogsvåg
<b>Dato:</b>	19. januar 2015
<b>Tid:</b>	11:00 – 13:00

### SAKSLISTE

01/15	<b>Referat frå møtet 15.09.14</b>	Vedl 1  Referat frå styremøte - 15 sept 2
02/15	<b>Askøy kommune – utmeldt frå 01.01.16</b> Drøfting	Vedl 2  Oppseiing av medlemskap - Askøy I
03/15	<b>Søknader til Fylkesmannen sine skjønsmidlar til fornying- og innovasjonsprosjekt i kommunane 2015</b>  Fylkesmannen har att kr 27,0 mill av ordinært skjønstilskot og legg opp til i første omgang å fordela kr 12,0 mill til prosjektsjøn. Når det gjeld <b>detaljar</b> kring retningsliner, satsingsområde og kommunal forankring og ansvar vert det vist til vedlegg 3.  <i>Kort om område som Fylkesmannen ønskjer å prioritera:</i> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Barn og unge – kommunane sitt arbeid mot barnefattigdom</li><li>2. Lokale/interkommunale tiltak for utvikling av framtidsetta og gode omsorgstenester.</li><li>3. By- og tettstadsutvikling</li><li>4. Beredskaps og samfunnstryggleik</li><li>5. Tiltak innan miljø- og landbruksområdet</li></ol> <i>Prosess for tildeling:</i> Kommunane som er organisert i eit regionråd skal, som hovudregel sende søknad til sitt regionråd. Regionråda skal ha ei koordinerande rolle og prioritere søknadene i tillegg til å initiere og bidra til at kommunane får fram gode prosjekt med sikte på fornying og innovasjon. Kommunar i eit regionråd kal likevel søkje direkte til Fylkesmannen dersom det ligg føre særskilte årsaker til det.  Regionrådet Vest har signalisert til Fylkesmannen at det er for kort søknadsfrist og har fått tilbakemelding på at denne vert forlenga. Nytt brev vert sendt kommunane.	Vedl 3  Skjønsmidlar til fornyings- og innovas

	Regionrådet Vest tek stilling til vidare arbeid i samband med søknadene om skjønsmidlar for 2015.	
03/15	<p><b>Status pågåande prosjekt</b></p> <p>Til dette møtet ligg det føre ei oversikt over alle samarbeidsprosjekt som Regionrådet Vest har initiert og koordinert.</p> <p>Lista er oppdatert med noverande status.</p> <p>Regionrådet Vest skal drøfte eventuell oppfølging av pågåande prosjekt.</p>	<p>Vedl 4</p>  <p>Status pågåande prosjekt og samarbeid</p>
04/15	<p><b>Val av representant til styringsgruppe for planprogram for kompetanse og arbeidskraft</b></p> <p>Regionrådet Vest har mottoke invitasjon frå Hordaland Fylkeskommune til å delta i styringsgruppe for arbeid med Regional plan for kompetanse og arbeidskraft.</p> <p>I forkant av dette arbeidet inviterer HFK til eit innspelsmøte 30. januar for drøfting av ulike problemstilling som er relevante for planarbeidet. Innspel herfrå vil danne grunnlag for diskusjon i første møtet i styringsgruppa i februar. Styringsgruppa si rolle vert å peike ut retning og leggje hovudrammene for arbeidet.</p> <p>Styringsgruppa, er allereie sett ned slik:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Mona Røsvik Strømme (leiar)</li> <li>- tom Knudsen, NHO</li> <li>- Roger Pilskog, LO</li> <li>- Roald Stenseide, styreleiar Hordaland fagskulestyre</li> <li>- Oddrun Samdal, UIB</li> <li>- Høgskolen i Bergen, ennå ikkje utnemnd</li> <li>- Tale Berntsen, Bergen kommune</li> <li>- Leif Vambheim, Hardangerrådet</li> <li>- Grethe Bergsvik, (førebels medlem) Regionrådet Vest.</li> </ul> <p>For meir detaljar vert det vist til vedlegg</p> <p>Regionrådet Vest skal i denne saka peika ut ein person som kan representere rådet i arbeidet med å sikre tilgang på tilstrekkeleg og riktig arbeidskraft i Hordaland.</p>	<p>Vedl 5 – 6</p>  <p>Utneining av representantar til sty</p>  <p>Invitasjon til innspelsmøte - Regior</p>
05/15	<p><b>Drøfting – Vidare organisering av prosjektet</b></p> <p><b>Kompetanseheving for politisk og administrativ leiing – kommunereform</b></p> <p>Rådmenna orienterer om framlegg til organisering av prosjektet.</p>	
	<p><b>Møteplan for 2015</b></p> <p><b>Framlegg</b> til møteplan for 2015 vert lagt fram til drøfting</p>	<p>Vedl 7</p>  <p>Framlegg til Møteplan for 2015.docx</p>
19/14	<b>Ymse</b>	

## REFERAT - STYREMØTE

<b>Stad:</b>	Fjell rådhus, komitesalen
<b>Dato:</b>	15. september 2014
<b>Tid:</b>	11:30 – 13:30
<b>Desse møtte:</b>	Eli Årdal Berland (ordfører i Fjell), Otto Harkestad (ordfører i Øygarden), Kari Anne Landro (ordfører i Sund), Roald Steinseide (varaordfører i Askøy) Steinar Nesse (Rådmann i Fjell), Siri Fahlvik Pettersen (rådmann i Øygarden), Stig Arne Thune (rådmann i Sund) Informasjonsrådgjevar Vigleik Brekke og møtesekretær/dagleg leiar Grethe Bergsvik
<b>Forfall:</b>	Rådmann i Askøy Odd Magne Utkilen, Ordfører i Askøy Siv Høgthun
<b>Andre:</b>	Desse hadde orienteringar: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Marta Rongved Dixon og Line Steinsland</li> <li>• Anita Alvheim</li> <li>• Marta Svarstad Valseth og Tonje Fluge</li> </ul>

15/14	<b>Referat frå møtet 19.05.14</b> Innkalling, sakliste og referat vart godkjent.
16/14	<b>Orienteringar</b>  Framtidig organisering av reiselivet i Hordaland v/Marta Rongved Dixon (HFK)  Marta Rongved Dixon kom kort inn på kva som var bakgrunnen for arbeid med ny organisering av reiselivet – både nasjonalt og særleg om prosessen i Hordaland.  Hordaland har i dag 5 destinasjonsselskap, desse har arbeidd godt kvar for seg, men for å kunne effektivisera og utnytta tilgjengelege ressursar er det framtidiretta å sjå på ei omstrukturering.  Det er utarbeidd ein rapport ( <b>fase ein</b> ) som tek for seg no-situasjon for næringa og tilrådingar til korleis reiselivsorganisasjonane kan arbeida vidare.  <b>Fase to</b> er å involvera aktørane sjølve. Hordaland fylkeskommune vil vera interessert i at det vert meir samarbeid mellom aktørane og ser spesielt behov for å styrka kystområda som i dag fell utanfor den sterke merkevara <i>Fjordane</i> . Vidare er det samtidig viktig å framleis halda sterkt fokus på dei eksisterande merkevarene Bergen, Hardanger og Voss. Kystområda har stort potensiale, både nasjonalt og internasjonalt og framlegg til merkenamn er <i>BergensKysten</i> .  No startar arbeidet med å ta stilling til framlegget og gjera eventuelle endringar.

	<p>For vår region skjer dette arbeidet gjennom Kysteventyret /Gode Sirklar som i sitt styremøte 1. oktober drøftar vidare arbeid med reiselivssatsinga. Gode Sirklar utarbeider eit felles saksframlegg som skal behandlast i kommunane.</p> <p>Målet med ny organisering vert å ha kunden i fokus, jobba meir effektivt, auka omsetnad og lønsemd.</p> <p><b>Frisklivs- og meistringssenteret v/Anita Alvheim</b></p> <p>Frisklivs- og meistringssenteret (FMS) skal vere kommunane sin ressurs i opplæring av innbyggjarar med kronisk sjukdom. Målet er at brukarane får innsikt i eigen helsetilstand og livsstil slik at det påverkar diagnose og helsetilstand positivt i form av betre helse, betre meistring av eige liv og færre sjukehusinnleggingar og polikliniske konsultasjonar.</p> <p>Dette prosjektet, som er tidfesta frå 2013 til 2015, er eit prosjekt mange ser til, regionen ligg langt framme og måten å arbeida på er etterspurt.</p> <p>FMS skil seg frå frisklivssentralane ved at det rettar arbeidet sitt direkte mot kronikarar som deltar etter tilvisning frå lege.</p> <p>Alle aktivitetane foregår i og rundt Sotra Arena og er eit interkommunalt prosjekt for alle 4 regionråds kommunane og arbeider saman med frisklivssentralane i Sund, Øygarden og Askøy.</p> <p>Prosjektet rettar seg i første omgang til personar med somatiske lidningar (hjerte/kar, diabetes og KOLS), men det vert arbeidd med at personar med psykiske lidningar og kan vere ein del av prosjektet.</p> <p>Tilbodet har til no vore for lite kjent ute i kommunane. Prosjektleiar jobbar med marknadsføring og kjem gjerne ut i kommunane og informerer.</p> <p><b>Prosjektet «Trygge kvinner i ei moderne barselomsorg» v/Marta Svarstad Valseth og Tonje Fluge</b></p> <p>Gjennom prosjektet «Trygge kvinner i ei moderne barselomsorg» ønskjer kommunane Fjell, Sund og Øygarden, i samarbeid med Kvinneklinikken på Haukeland universitetssjukehus, å prøva ut ein ny og framtidsretta modell for barselomsorg. Tilbodet inneber eit interkommunalt samarbeid om jordmortenesta med oppfølging i barseltida. Kvinner med barn der det etter fødsel ikkje er behov for spesiell oppfølging i sjukehus, kan få tilbringa barseltida heime. Der vil dei få tett og individuelt tilpassa oppfølging og rettleiing av kjent og lokal jordmorteneste.</p> <p>Prosjektet byggjer på dei gode erfaringane som er hausta gjennom «JordmorHeim i Fjell» i dag og søkjer mellom anna å utvida dette tilbodet til også å vera tilgjengeleg for brukarane på kveldstid og på laurdagar.</p> <p>Tenesta vil etablera samarbeid mot Askøy og deltar i eit del-prosjekt som tek sikte på å oppretta JordmorHeim ordning også der.</p>
17/14	<p><b>Status - søknader vedkommande Fylkesmannen sine skjønsmidlar</b></p> <p>Regionrådet Vest fekk utteljing på 6 av 12 søknader på utlyste skjønsmidlar. Totalt fekk regionen kr 3.205.000,-. Fem av prosjekta er interkommunale, medan eit er lokalisert på Askøy.</p>
18/14	<p><b>Drøfting – Organisering av prosjektet <i>Kompetanseheving for politisk og administrativ leiing – kommunereform</i></b></p>

	<p>Stig-Arne Thune og Siri Fahlvik Pettersen presenterte <u>framlegg</u> til organisering av prosjektet utarbeidd i rådmannsmøte.</p> <p>Styret drøfta framlegget. Kommunane er komme ulikt i arbeidet med kommunestruktur, men alle slutta seg til rådmenna sitt framlegg om å bruka delar av kompetansehevingsmidlane på Tinget i Vest.</p> <p>Tinget i Vest, 27 oktober, får kommunestruktur som einaste tema. Målsetjinga er å auka kompetansen til politisk (formannskapa) og administrativ leiing ved å gje likelydane informasjon til alle fire kommunane samtidig.</p> <p>I etterkant av Tinget i Vest vil rådmenna arbeida fram ein plan for vidare bruk av kompetansehevingsmidlane. Planen tek ein tek sikte på å leggja fram for styremøtet i Regionrådet Vest i desember til godkjenning.</p> <p>Kvar kommune har for tida kommunestruktur på politisk dagsorden.</p> <p>Det kjem fram signal om at ein ikkje ønskjer å forhasta seg i arbeidet, men venta på viktige signal som kjem frå sentralt hald, særleg når det gjeld oppgåvefordeling mellom dei tre forvaltningsnivåa.</p> <p>Slik det ser ut no kan to parallelle prosessar setjast i gong:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ein felles som går på å skaffa alle aktuelle aktørar i prosessen meir kunnskap</li> <li>• Ein som går på saksutgreiing i kvar kommune (utgreiingsplikt).</li> </ul>
19/14	<p><b>Ymse</b></p> <p>Det var ingen saker til Ymse-posten.</p>

Regionrådet Vest

Postboks 184  
5342 STRAUME

**Epost:**

**Vår ref:**  
2014/195-6

**Saksbehandler/Direkte Telefon:**  
Else Gammelsrød/56 15 80 17

**Deres ref:**

**Dato:**  
19.12.2014

## Melding om vedtak - Regionrådet Vest - Evaluering

**Møtebehandling i Kommunestyret - 18.12.2014**

**Kommunestyret gjorde følgende vedtak:**

*Askøy kommune melder seg ut av Regionrådet Vest. Utmeldingen gjøres, ihht vedtektenes § 7, gjeldende fra 01.01.16.*

Henvendelser i saken kan rettes til saksbehandler Seniorrådgiver Else Bjørkhaug, e-post [Else.bjorkhaug@askoy.kommune.no](mailto:Else.bjorkhaug@askoy.kommune.no)

Med hilsen

Else Gammelsrød  
leder politisk sekretariat

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift*

---

**Postadresse:**

Postboks 323, 5323 Kleppestø

**Besøksadresse:**

Klampavikvegen 1, 5300  
Kleppestø

**Telefon:**

56 15 80 00

**Bank:**

6515.06.05509

**E-post:**

postmottak@askoy.kommune.no

www.askoy.kommune.no

**Telefaks:**

56 15 83 90

**Org.nr:**

964 338 442



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato  
22.12.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/15772  
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Postboks 13,5902 Isdalstø  
Hardangerrådet, Postboks 78, 5782 Kinsarvik  
Regionrådet Vest, Fjell kommune, Postboks 184, 5342 Straume  
Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Postboks 444, 5403 Stord

### **Skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane - 2015**

#### **Innleiing**

Ordinært skjønstilskot er ein del av rammetilskotet til kommunane. Fylkesmannen har til no fordelt kr. 100,7 mill. av den totale skjønnsramma på kr. 127,7 mill. til kommunane i Hordaland for 2015. Restsummen på kr. 27,0 mill. vil bli nytta til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjøn) og til generell fordeling i året der også uventa hendingar vil bli teken omsyn til.

Vi legg opp til å fordela kr. 12,0 mill. til prosjektskjøn no i denne omgangen, slik at vi har att kr. 15,0 mill. til fordeling seinare i budsjettåret 2015.

Tilskot knytt til busetjing av flyktningar vil ikkje bli gitt i denne fordelinga av prosjektskjøn. Tilskot vil bli vurdert i løpet av budsjettåret 2015 og gitt seinare på året, som del av attståande skjønnsramme.

### **Retningsliner frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet**

#### Generelt

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i retningslinene for skjønstilskot 2015 presisert at Fylkesmennene må halde tilbake skjønsmidler for å kunne ta omsyn til kommunar som får uventa økonomiske utfordringar i løpet av budsjettåret. Departementet syner til at dette også omfattar kommunar som blir ramma av naturskade eller andre ekstraordinære hendingar, i den grad departementet ikkje sjølv gir kompensasjon.

Retningslinene for skjønstilskot for 2015 er i stor grad forenkla samanlikna med tidlegare år for at føremålet med skjønsmidlane skal kome klårt fram, det vil seie å fanga opp lokale økonomiske utfordringar som ikkje er ivareteken godt nok i inntektssystemet eller gjennom andre faste tilskotsordningar. Departementet ynskjer at Fylkesmennene skal kunne prioritera skjønsmidlane i samsvar med lokale tilhøve og behov i kommunane, også til behov som oppstår i løpet av budsjettåret.

Fleire av dei tema som tidlegare har vore omtalt i retningslinene for fornyings- og innovasjonsprosjekt er på denne bakgrunn no tekne ut.

Eit viktig føremål med skjønstilskot til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjøn) er å gi kommunane høve til å prøva ut nye løysingar på utfordringane sine. Prosjekta kan omfatta alle tenesteområda i kommunen.

Kommunar må i søknader om prosjektskjøn syne til ein realistisk prosjektplan. Det må bli vist til klare målsetjingar med prosjektet og val av løysingar som skal bli prøvd ut i prosjektet.

#### Prosjekt/oppgåver som ikkje blir støtta

Det skal ikkje bli gitt tilskot til utføring av kommunale drifts- og investeringsoppgåver, eller prosjekt som er ein del av det ordinære kommunale utviklingsarbeidet. Det skal ikkje bli gitt tilskot til reine næringsutviklingsprosjekt eller til interne strukturelle omorganiseringar. Interkommunale prosjekt vil i hovudsak berre kunne få tilskot i etableringsfasen.

#### Kommunestrukturprosjekt

Vilkåra for å kunne gi tilskot til utgreiing om kommunestruktur er fleirtalsvedtak i alle kommunestyra, kommunal eigendel og ein plan for korleis innbyggjarane skal bli høyrde.

Fylkesmannen vil framleis kunne gi tilskot til utgreiing om kommunesamanslåing. Det er likevel føremålstenleg at tilskot til utgreiingsarbeid no blir i eit avgrensa og ikkje for stort omfang.

Tilskot vil kunne bli vurdert nærare gjennom budsjettåret 2015 og gitt av attståande skjønnsramme.

#### Søknader som kjem inn under forsøkslova

Alle søknader som kjem inn under forsøkslova (lov om forsøk i offentleg forvaltning av 26. juni 1992 nr. 87 ) skal sendast til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

#### **Satsingsområde**

Kommunesektoren er i sterk omstilling med utfordringar knytte til økonomi, innsparing av kostnader, rekruttering av relevant fagkompetanse og målsetjing om å effektivisera drifta. Kommunesamarbeid, bruk av ny teknologi og meir føremålstenleg organisering av arbeidet er tiltak som kan bidra til å utvikla og modernisera kommunesektoren i fylket.

Fylkesmannen ynskjer å stimulera kommunane til prosessar innan og mellom kommunar for å kunne utvikle tenestetilbodet og få betre økonomi i drifta. Generelt prioriterer Fylkesmannen å støtte samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar, mellom anna for at prosjektmidlane skal få større nedslagsfelt og gi betre læringseffekt.

På denne bakgrunn inviterer vi kommunane til å søkja om prosjektmidlar.

Særlege område som vi ynskjer å prioritera for 2015 er:

1. Barn og unge - kommunane sitt arbeid mot barnefattigdom. Kommunane er i brev av 15. september 2014 frå Fylkesmannen inviterte til å søkje om tilskot til føremålet, og kommunane treng ikkje søkje på nytt.



2. Støtte til lokale/interkommunale tiltak for utvikling av framtidretta og gode omsorgstenester, jf. Omsorg 2020. Tilskot blir vurdert i samanheng med øyremerka tilskot (Helse- og omsorgsdepartementet) til kommunale kompetanse- og innovasjonstiltak.
3. By- og tettstadsutvikling.
4. Beredskap og samfunnstryggleik.
5. Tiltak innan miljø- og landbruksområdet, klimatilpassing og tiltak for å redusera klimagassutslepp.

Satsingsområda er generelle og ikkje detaljerte for at kommunane skal ha fridom med omsyn til søknadsføremaal. Kommunane står fritt med omsyn til val av føremål innan alle kommunale tenestoområde, jf. at skjønstilskot er ein del av kommunane sine frie inntekter.

Vi vil understreka at det først og fremst er regionråda som skal prioritera mellom søknadene - jamfør eige punkt i brevet - og kommunane sjølve som skal velje søknadsføremaal.

### **Kommunal forankring og ansvar**

For å få tilskot, må prosjekta vera forankra hos den politiske leiinga i kommunen, og i det minste hos ordførar og rådmann.

For å sikra forankring og tilknytning til prosjektet, er det ein føresetnad at kommunane deltek med ein eigeninnsats. Det er lagt til grunn i retningslinene frå departementet. Eigeninnsatsen frå kommunen kan vera både midlar og arbeidsinnsats. Som hovudregel skal ikkje skjønsmidlane frå Fylkesmannen utgjere meir enn 50 prosent av kostnadane til prosjektet.

For å sikra ein viss overføringsverdi, skal kommunen senda sluttrapport. Det vil bli lagt ut ein mal for rapportering på heimesida til Fylkesmannen.

### **Prosess for tildeling**

Frå og med fordelinga for 2014 er det blitt lagt opp til ein søknadsprosess der regionråda har ei koordinerande rolle. Fylkesmannen er ansvarleg for sjølve tildelinga, men denne byggjer i stor grad på prioriteringane frå regionråda. Vi ynskjer også at regionråda skal initiera og bidra til at kommunane får fram gode prosjekt med sikte på fornying og innovasjon.

Dei kommunane som er organiserte i eit regionråd, skal som hovudregel sende søknad om skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt til sitt regionråd. Når regionrådet har vurdert søknadene nærare, sender regionrådet brev til Fylkesmannen med prioritering av søknadene og med ei grunngjeving for prioriteringa. Kommunar i eit regionråd kan likevel søkje direkte til Fylkesmannen dersom det ligg føre særskilte årsaker for å gjere dette, men vi ynskjer primært at søknader skal sendast til regionrådet.

Kommunar som ikkje er organiserte i eit regionråd, kan søkje direkte til Fylkesmannen.

### **Søknadsfrist**

Regionråda må senda brev til Fylkesmannen med prioritering av søknadene innan ***fredag 13. februar 2015.***

Søknadsfristen er den same ved søknad direkte til Fylkesmannen. På Fylkesmannen sine heimesider blir det lagt ut elektronisk søknadsskjema. Dei kommunane som søker Fylkesmannen direkte, nyttar dette skjemaet. Regionråda er ansvarlege for å få registrert mottekne søknadar i det same elektroniske søknadsskjemaet på Fylkesmannen sine heimesider (eventuelt be kommunane gjere sjølve registreringa) innan den nemnde fristen, også søknader som regionrådet ikkje vil prioritera med skjønstilskot.

Vi ber om at det blir lagt ved budsjett for prosjektet og anna dokumentasjon som kan vere av interesse.

Fylkesmannen vil fordela kr. 12,0 mill. i skjønstilskot til fornyings- og innovasjonsprosjekt på grunnlag av dei søknadene som er mottekne innan 13.februar 2015. Attståande skjønnsramme, kr. 15,0 mill., kan blant anna bli nytta i samband med busetjing av flyktningar, kommune-reform og arbeid mot barnefattigdom - i tillegg til kompensasjon for økonomiske utfordringar som oppstår i kommunar i løpet av budsjettåret.

Med helsing

Lars Sponheim  
fylkesmann

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Pågåande prosjekt og samarbeid – REGIONRÅDET VEST

Prosjektnamn	Prosjektansvar/ prosjektleiar	Prosjektperiode	Status:
PasientIKUS	Fjell kommune Kjell Fyllingen	2013 slutt	Fekk 200.000 i skjønsmidlar frå Fylkesmannen i 2012.
Strategi for regionalt IKT samarbeid	Askøy kommune v/Marit Rinnan	2013 slutt	<p>Finansiert av skjønsmidlar frå fylkesmannen.</p> <p>Strategi levert og politisk behandla. IKT råd oppnemnt des. 2013 leiar Marit Rinnan.</p> <p>Regionrådet Vest vart orientert om prosjektet og prosjektleiar Marit Rinnan presenterte Forslag til revidert handlingsplan i styremøte 19. mai i Øygarden.</p>
Barnevern: Betre saman for barna.	Askøy kommune v/ Torgeir Sæter	<p>2013 slutt</p> <p>2015 - 2016</p>	<p>Prosjektet ble avsluttet i 2013, og midlene brukt til tiltak vedtatt i prosjektet.</p> <p>I mai 2014 ville Fylkesmannen ha et møte med prosjektledelsen (en fra hver kommune) for å få en gjennomgang av resultatene fra prosjektet. Utfallet av det møtet ble at Fylkesmannen gav positive tilbakemeldinger til prosjektet generelt og ba regionen om å søke på <b>skjønnsmidler også for 2014</b>, med tanke på etablering av <b>barnevernsvakt</b>.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvida barnevernsvakt i regionen</li> </ul> <p>Det var Fjell som stod som søkerkommune her da mye av utfordringen med barnevernsvakt var knyttet til Sund-Fjell-Øygarden siden Askøy allerede hadde etablert barnevernsvakt på hverdager.</p> <p>Søknaden til Fylkesmannen på skjønsmidlar var innvilga med kr Utredning og iverksetting av barnevernsvakt er under planlegging og iverksetting i Fjell, de andre kommunene blir involvert.</p>

			<p>Oppfølging av fosterheimplasserte barn, dette er <b>sett på vent</b>, må avklare finansiering.</p> <p>Regionalt fosterhjems kontor er ikke blitt realisert grunnet uklare meldinger fra statlige myndigheter om oppgave- og arbeidsfordeling på dette tjenesteområdet, samt usikkerhet i de fire kommunene om det er hensiktsmessig å ha en regional fellestabling.</p>
Plan og byggesak	Gerhard Inge Storebø		<p>Skjønsmidler frå fylkesmannen 2013 til <u>Byggesak fellesportal</u>: kr 250.000</p> <p><u>Felles internettportal plan/byggesak.</u> Til dette prosjektet har me fått kr. 250.000.- i skjønsmidler frå fylkesmannen. Det er semje om ei teknisk løysing – der hovudstrukturen no er på plass. Det vert arbeidd med å klargjera stoff før første publisering. IKT-rådet har oppfølging for det som gjeld teknisk løysing.</p> <p>Utgreiing om <u>felles landbrukskontor</u> er lagt på vent i fht kommunestrukturdiskusjonen</p>
Strandsone og næringsareal	Gerhard Inge Storebø		<p>Vedteke i alle kommunestyre.</p> <p>Skjønsmidler 2013: til <u>Strandsoneplan</u>: kr.200.000 og til <u>Næringsareal</u>: kr.300.000</p> <p><u>Strandsone</u>: arbeid ikkje starta opp</p> <p><u>Næringsareal</u>: I samband med planarbeidet har kommunestyra i dei fire kommunane oppnemnt ei politisk referansegruppe, sett</p>

			<p>saman av to politikarar frå kvar kommune.</p> <p>Som første steg i planarbeidet vart det 6.11.2014 arrangerte ein oppstartskonferanse, der den politiske referansegruppa, ordførarane og rådmenna i dei fire kommunane var inviterte.</p> <p>Målsetjing er å få utarbeidd felles kommunedelplan for næringsareal.</p> <p>For å fylgja opp kommunestyrevedtaka om fullfinansiering er det nytta tid på søknad om midlar frå HFK i tillegg til skjønsmidlane. Fylkeskommunen har og løyvt kr.300.000.-. Planprogrammet er no under arbeid.</p>
Rusomsorg – Prosjekt Vest	Askøy kommune v/Torgeir Sæther	2012 – avslutta  Evt vidareføring:	<p>Tilrådd vidare arbeid. Følgje opp statlege signal når dei kjem</p> <p>Det opprinnelige prosjektet ble avsluttet i 2012, men styret i Regionrådet Vest ønsket en oppfølging og videre arbeid med dette..</p> <p>Sett ned arbeidsgruppe for de fire kommunene som jobbet med dette. Her er status og framdrift uklar.</p>
Interkommunalt bufellesskap psykisk helsevern	Øygarden kommune v/ Åse Vik	Prosjekt rapport lagt fram i 2014  Evt realisering av tilråding	<p>Kommunane i samarbeid med DPS.</p> <p>Skjønsmidlar 2013: kr 300.000</p> <p>Regionrådet fekk orientering om prosjektet i møte 19. mai i Øygarden.</p> <p>Rapporten «Utgreiing om interkommunalt bustadprosjekt innan psykisk helse» vart presentert. Det vert arbeidd vidare med å realisere tilrådingane som prosjektgruppa kom med.</p>

<p>Frisklivs- og meistringssenter</p> <p>(del av Betre saman, samhandlingsreforma i region vest)</p>	<p>Fjell vertskommune v/Anita Røyneberg Alvheim</p>	<p>2015</p> <p>Tiltak realisert</p>	<p>Prosjektleder tilsett frå des.2012. Arbeidsgruppe med rep. frå alle kommunane. Samhandlingsmidlar 2012 kr. 350.000.</p> <p>Skjønsmidlar 2013 kr.400.000.</p> <p><i>Skjønsmidlar 2014 kr. 310 000</i></p> <p><i>Andre midlar frå Fylkesmannen</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <i>Tilskot til fagdag kr. 30 000</i></li> <li>- <i>Tilskot til etablering og utvikling av frisklivssentralar 2014: kr 10 000 til røykesluttkurs</i></li> <li>- <i>Tilskot til oppfølging av personar med kroniske lidningar i frisklivssentral 2014 kr. 212 000</i></li> </ul> <p>Regionrådet Vest fekk orientering om prosjektet i møte 15. september i Fjell.</p> <p>Tiltaket er starta opp og er godt i gang.</p> <p>Skjønsmidlane har vorte nytta til:</p> <p>2013 : Utvikling og etablering av Frisklivs- og meistringssenteret. Konkrete tiltak; kompetansehevande tiltak og kursverksemd, publikasjonsutgifter og t-skjorter med trykk, frikjøp av helsepersonell, nettverksbygging, prosjektmøter og kursmateriale til livsstilskurs.</p> <p>2014: Vidareutvikling og forankring av Frisklivs- og meistringssenteret. Midla er nytta til å dekke løn til prosjektleder, og deler av midlane vil bli bedt om å få overført til 2015.</p>
--	---	-------------------------------------	--

			<p>Det blei arrangert ein fagdag hausten 2014 og det er skal haldast eit interkommunalt røykesluttkurs jan-mars 2015.</p> <p>Sluttrapportering på midlane til Fylkesmannen: Det er rapportert på kr. 133 936 for 2013, resterande beløp blei overført til 2014 og vil bli rapportert på no. Sluttrapport på dei andre tildelingane utanom tilskot til kronikarar er under utarbeiding.</p>
KystRos	Fjell kommune v/Roy Hansen	2012 - 2014	<p>Interkommunal ROS analyse for 5 kommunar (Askøy, Austevoll, Sund Øygarden og Fjell)</p> <p>Skjønsmidlar: 2012 kr.300.000</p> <p>Hausten 2014 vart <i>Rapporten Kystros 2014 – ei risiko og sårbarhetsanalyse</i> klar til politisk behandling i dei 5 deltakarkommunane.</p> <p>Målsetjing er at « KystROS 2014» vert starten på eit samarbeid om samfunnstryggleik på tvers av kommunegrensene og som vert nytting verktøy i handtering av samfunnstryggleiken i KystROS-kommunane.</p>
Interkommunalt samarbeid om kommunestruktur	Sekretariatet		<p>Søknad om finansiering av Mogleighetsstudie.</p> <p>Søknaden <b>vart trekt</b>, vedtak i regionrådet 02.12.13</p>
Kompetanseheving for politisk og administrativ leiing – kommunereform	Rådmann i Sund og Øygarden	2014 - 2015	<p>Søkte og fekk kr 800.000 i skjønsmidlar frå Fylkesmann om skjønsmidlar i 2014.</p> <p>Tinget i Vest 27. oktober var i sin heilskap via til kompetanseheving/informasjon kring tema kommunereform.</p>

			Nye tiltak for politisk og administrativ leing er under planlegging.
Komparative fortrinn			Prosjekter er "sett på vent"
JordmorHeim i Vest	Øygarden	2013 Tiltaket er realisert	<p>Sak til politisk handsaming i Øygarden og Sund. Skjønsmidlar 2012 til <u>forprosjekt Jordmor Heim i Vest</u>: kr. 200.000</p> <p>Skjønsmidlar 2013: kr. 200.000.</p> <p>Regionrådet Vest fekk orientering om prosjektet 15. september i Fjell. Øygarden, Sund og Fjell samarbeider i dag om teneste.</p> <p>Skjønsmidlane har vorte nytta til:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1) Forprosjekt-midlane på kr 200.00 er nytta til løn i samband med utgreiingsarbeid. Rapporten er avlevert til dei 3 kommunane, Helse Bergen og fylkesmannen.</li> <li>2) Løyvinga for 2013, også på kr 200.000, vart berre delvis brukt i 2013 med kr 30.000 då prosjektet vart noko forseinka. Balansen på kr 170.000 vart godkjent overført til 2014 og er nytta til innkjøp av ymse jordmor-utstyr for alle kommunane. Det vert rapportert til fylkesmannen om dette no i januar 2015.</li> </ol>
Regional konsulent for bygningsvern	Fjell kommune	3 – årig prosjekt 2013 - 2015	<p>Prosjektleder er tilsett for 3 år. Finansiert av fylkesmannen/ fylkeskommunen</p> <p>Søkte og fekk kr 285.000 i skjønsmidlar frå Fylkesmannen også i 2014.</p>
Felles ansvar	Åsta Årøen	31.12.13.	Finansiert av næringslivet i regionen. Arbeider med vidare



			finansiering av 6 prosjekt og vidareføring av arbeidet.
Vidareføring - næringsplan	I samarbeid med Gode sirklar	2013	<p>Finansiert av kommunane</p> <p>Sluttdokument – framlegg til vidare næringsplan vart presentert for Regionrådet Vest i styremøtet 18. mars 2013 og inneheld tiltak i Region Vest for oppfølging av Strategisk Næringsplan for Bergensregionen.</p>
Lokalmedisinsk senter	Fjell vertskommune	2012 - 2015	<p>Styringsgruppe med rep frå alle fire kommunar og Helse Bergen. Samhandlingsmidlar 2012, <u>funksjonsprogram</u>: kr 500.000</p> <p>Skjønsmidlar 2013, <u>driftsmodell</u>: kr.400.000.</p> <p>Skjønsmidlane har vorte nytta til:</p> <p>1) Funksjonsprogrammet er for lengst ferdig i eit samarbeid med SINTEF. Det er rapportert til Helsedir om dette. Funksjonsprogrammet er nytta som grunnlag for skisseprosjektet , sjå nedanfor.</p> <p>2) Midlane på kr 400.000 er brukt til utgreiing av ein modell for økonomisk fordeling av kapital – og driftsutgifter for det planlagde lokalmedisinske senteret på Straume. Konklusjonane frå arbeidet er tekne med i saksutgreiinga « Skisseprosjekt – lokalmedisinsk senter» som no skal til politisk behandling i dei 3 kommunane vinteren 2015. Helse Bergen har alt gjeve sin tilslutnad til prosjektet.</p> <p>Sluttrapportering på midlane til Fylkesmannen:</p> <p>Det er gjeve melding i 2014 til fylkesmannen.</p>

Intermediær avdeling	Fjell vertskommune v/Terje Handal	I drift	Pilot (6 plassar) i drift frå februar 2010. Samhandlingsmidlar i 2010 og 2011.  Avtale med Helse Bergen: Sjukehuset dekker 50% av driftsutgiftene.  I dette prosjektet held kommunane Fjell, Sund og Øygarden fram med tenesta.
Palliativ avdeling	Askøy vertskommune v/Anne Kjersti Drange	I drift	(4 plassar) starta opp i oktober 2012. Samhandlingsmidlar 2012: kr 500.000.  Avtale med Helse Bergen, sjukehuset dekker kr. 800.000 i 2014.  I dette prosjektet held Askøy fram med tenesta.
Pilot ØH senger i samarbeid mellom Sund og Fjell	Fjell kommune Sotra Legevakt	I drift	Starta opp 1.halvår 2012. Skjønsmidlar 2012 : kr. 550.000.  Tenesta held fram som eit samarbeid mellom Fjell og Sund.  Øygarden og Askøy har eigne tenester.

**Samarbeid satt i drift, avslutta prosjekt og anna.**

<b>Namn</b>	<b>Ansvar:</b>	<b>Status:</b>
Samarbeidsutvalet for Bergensregionen (Helse)	Sund	Eige underutval for RRV er etablert. Sekretariat i Sund finansiert med 20% stilling av regionrådet
Gode Sirklar AS		Eigarkommunane må avklare vidare drift. Askøy blir invitert når dette er klart.
IKKUS - kultursamarbeid	Alle kommunar	I drift - koordinert frå Fjell.
Tilsyn barnehagar	Sund	I drift – koordinert frå Sund.
Trigger AS	Vertskommune Askøy	I drift
Ny finansieringsordning - barnehagar	Askøy	Modellen er ferdig og tatt i bruk. (Finansiert av kommunane)
Internkontroll	Øygarden	Pilot i drift
KartIKUS	Alle kommunar	Avslutta. Vidareført i Fjell og Øygarden.
BibLIKUS	Alle kommunar	Felles datasystem for alle biblioteka.
FeitIKUS (Felles-elev-IT-InterKommunalt UtviklingsSamarbeid)	Kvar kommune	Kobling til Feide i alle 4 kommunane med litt ulike løysingar.
Regional utvikling / inntektsnivå og behovsutvikling samt kostnadsgjennomgang	Alle kommunar	Gjennomført 2011. Finansiert av kommunane. Konsulent: Agenda Kaupang



Sjå adresseliste

Dato: 10.11.2014  
Vår ref.: 2014/17126-13  
Saksbehandlar: agnwibo

## Utnevnning av representantar til styringsgruppe - planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Hordaland fylkeskommune inviterer med dette dykkar styre/råd til å delta med ein representant i styringsgruppa for utarbeiding av planprogram for Regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Fylkesutvalet har utnemnt Mona Røsvik Strømme som leiar for styringsgruppa.

Fylkesutvalet har bedt om at om at følgjande organ utnemner ein representant til styringsgruppa (sjå vedlagte saksframlegg):

Høgskulestyret for Høgskulen i Bergen  
Universitetstyret for Universitetet i Bergen  
Regionrådet Vest  
Hardangerrådet  
Hordaland fagskulestyre  
Yrkesopplæringsnemnda  
Opplærings- og helseutvalet  
Bergen kommune

I arbeidet for utabeiding av planprogrammet er det også utnemnt ei arbeidsgruppe med representantar frå Universitet i Bergen, Høgskolen i Bergen, Høgskulen Stord/Haugesund, Fylkesmannen, NAV, KS, LO, NHO og næringsalliansen. Arbeidsgruppa blir leia av fylkesdirektør for Regional utvikling, Bård Sandal. Hordaland fylkeskommune utgjør det administrative sekretariatet.

I regional planstrategi for Hordaland 2012-2016 er det bestemt at ein skal starte opp arbeidet med regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Hovudspørsmålet planen skal ta opp, er om vi er godt nok rusta for dekke framtidens behov for kompetanse og særleg korleis utforminga, innrettinga og dimensjonering av utdanningstilbodet kan handtere framtidens utfordringar i arbeids- og samfunnsliv. Hovudfokuset i planen er retta mot korleis ein kan sikre robust forsyning av arbeidskraft og framtidens rette kompetanse til arbeids- og samfunnsliv med utgangspunkt i utdanningssystemet.

Målet med planprogramfasen er å beskrive tema, omfang og innhald i prosessen for utforming av planen, avklare behov for utgreiingar og konkretisere korleis planprosessen skal gjennomførast.

Vi vonar at de vil vere med å diskutere viktige utfordringar i Hordaland på dette feltet. Det er lagt opp til 3 møte for styringsgruppa. Arbeidet med planprogrammet er planlagt å vere ferdig april/mai. (Sjå vedlegget for meir opplysningar om arbeidet.)

Vi ber om tilbakemelding om kven som skal delta i arbeidsgruppa med namn, e-postadresse og telefonnummer til [Agnete.Wiborg@hfk.no](mailto:Agnete.Wiborg@hfk.no) helst innan 1. desember.

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Agnete Wiborg  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: saksframlegg til fylkesutvalet.

Adresseliste:

Høgskulestyret for Høgskulen i Bergen  
Universitetstyret for Universitetet i Bergen  
Regionrådet Vest  
Hardangerrådet

Arkivnr: 2014/17126-2  
Saksbehandlar: Agnete Wiborg

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	242/14	30.10.2014

## Utnemning av representantar til politisk styringsgruppe - planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft

### Samandrag

Oppstart av arbeidet med planprogram for plan for kompetanse og arbeidskraft blei vedtatt i Fylkestinget i juni 2014. Arbeidet er nå satt i gang.

Til dette arbeidet skal utnemnast ei politisk styringsgruppe. Styringsgruppa skal ha representantar frå høgskulestyret for Høgskulen i Bergen, universitetsstyret for Universitetet i Bergen, Opplærings- og helseutvalet, Hordaland fagskulestyre, yrkesopplæringsnemda og frå regionråd.

Hovudfokuset i planen er retta mot korleis ein kan sikre robust forsyning av arbeidskraft og framtidsretta kompetanse til arbeids- og samfunnsliv med utgangspunkt i utdanningssystemet. Målet med planprogramfasen er å beskrive omfang og innhald i planprosessen for utforming av planen, avklare behov for utgreiingar og konkretisere korleis planprosessen skal gjennomførast.

### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet utnemner følgjande representant til å delta i den politiske styringsgruppa til arbeidet med planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft og som leiar for styringsgruppa: .....

2. Fylkesutvalet ber om at følgjande organ utnemner ein politisk representant til styringsgruppa:  
Høgskulestyret for Høgskulen i Bergen  
Universitetstyret for Universitetet i Bergen  
Regionrådet Vest  
Hardangerrådet  
Hordaland fagskulestyre  
Yrkesopplæringsnemda

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Inge Reidar Kallevåg sette fram slikt forslag:

"a) Punkt 1:

Som leiar for styringsgruppa frå fylkesutvalet: Mona Røsvik Strømme.

b) Punkt 2:  
Namnet vert endra til styringsgruppe (ta bort ordet "politisk").

c) Tillegg:  
I tillegg til dei som er nemnd i saka punkt 2 vert og desse representerte med i styringsgruppa:  
Opplærings- og helseutvalet  
Bergen kommune"

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 med Kallevåg sitt forslag a) vart samrøystes vedteke.  
Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 med Kallevåg sitt forslag b) vart samrøystes vedteke.  
Kallevåg sitt forslag c) vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet utnemner følgjande representant til å delta i den politiske styringsgruppa til arbeidet med planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft og som leiar for styringsgruppa:  
Mona Røsvik Strømme.
2. Fylkesutvalet ber om at følgjande organ utnemner ein representant til styringsgruppa:

Høgskulestyret for Høgskulen i Bergen  
Universitetstyret for Universitetet i Bergen  
Regionrådet Vest  
Hardangerrådet  
Hordaland fagskulestyre  
Yrkesopplæringsnemnda  
Opplærings- og helseutvalet  
Bergen kommune

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Fylkesrådmannen, 10.10.2014

Denne saka blir lagt fram for å utnemne deltakarar til ei politisk styringsgruppe for arbeidet med planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft.

I regional planstrategi for Hordaland 2012-2016 er det bestemt at ein skal starte opp arbeidet med regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Hovudspørsmålet planen skal ta opp, er om vi er godt nok rusta for dekke framtidens behov for kompetanse og særleg korleis utforminga, innrettinga og dimensjonering av utdanningstilbodet kan handtere framtidens utfordringar i arbeids- og samfunnsliv. Hovudfokuset i planen er

retta mot korleis ein kan sikre robust forsyning av arbeidskraft og framtid-retta kompetanse til arbeids- og samfunnsliv med utgangspunkt i utdanningssystemet.

Oppstart av arbeidet med planprogrammet blei vedtatt i Fylkestinget i juni 2014. Målet med planprogramfasen er å beskrive omfang og innhald i planprosessen for utforming av planen, avklare behov for utgreiingar og konkretisere korleis planprosessen skal gjennomførast. Arbeidet med planprogrammet skal nå setjast i gang ved å utnemne deltakarar til arbeidsgruppe og politisk styringsgruppe. Den politiske styringsgruppa skal ha representantar frå Opplærings- og helseutvalet, Hordaland fagskulestyre, yrkesopplæringsnemda, høgskulestyret for Høgskulen i Bergen, universitetsstyret for Universitetet i Bergen og frå regionråd. Gruppa vil bli leia av representant utnemnt av Fylkesutvalet.

Den vidare organiseringa av arbeidet består av:

- Eit administrativt sekretariat som er sett saman av representantar frå fylkeskommunen; opplæringsavdelinga og regionalavdelinga. Gruppa vil ha ansvaret for organisering av prosessen og skiving av utkast til planprogram.
- Ei arbeidsgruppe med representantar frå Universitetet i Bergen, Høgskulen i Bergen, Høgskulen Stord/Haugesund, NAV, KS, NHO, LO, Næringsalliansen, samt Opplæringsavdelinga og Regionalavdelinga i Hordaland fylkeskommune.

### **Formelle rammer**

Alle regionale planar skal i følgje plan- og bygningslova ha eit planprogram. Målet med planprogram-fasen er å beskrive omfang og innhald i planprosessen for utforming av planen, avklare behov for utgreiingar og konkretisere korleis planprosessen skal gjennomførast. Planprogrammet skal gjere greie for:

- føremålet med planarbeidet
- rammar for arbeidet
- planprosessen med fristar og deltakarar
- opplegg for medverknad
- tema for planen
- behov for utgreiingar

### **Gjennomføring av planprogramfasen**

Skisse til planprogramarbeidet:

- 3 møter i politisk styringsgruppe
- 3 møter i arbeidsgruppe
- Innspelskonferanse med relevante aktørar
- Drøfting i Regionalt næringsforum
- Utarbeiding av planprogram med utgangspunkt i innspel frå prosessane
- Høyring
- Utarbeiding av ferdig planprogram
- Vedtak i fylkesutvalet

### **Framdrift**

Det er venta at fylkesutvalet får forslag til planprogram vår/sommar 2015. Planprogrammet skal så sendast på høyring i minimum seks veker. Planprogrammet med høyringsinnspel skal leggjast fram for relevante utval før planprogrammet blir endeleg vedteken av fylkesutvalet sommar/haust 2015. Planarbeidet starter hausten 2015.





## Invitasjon til møte

### Regional plan for kompetanse og arbeidskraft – Innspel til planprogram

**Tid: 30.januar kl. 10-14**

**Sted: Sas Raddison Bryggen**

#### **Kva kan ein gjere for å sikre tilgang på tilstrekkeleg arbeidskraft og «rett» kompetanse til arbeidslivet i Hordaland nå og i framtida?**

Dette er det sentrale spørsmålet for regional plan for kompetanse og arbeidskraft som Hordaland fylkeskommune planlegger å starte opp til hausten. Bakgrunnen er at Hordaland er eit fylke i sterk vekst. For å kunne handtere utfordringane i offentleg sektor knytt til demografiske endringar og auka konkurranse og behov for nyskaping i næringslivet, er tilgang på rett kompetanse og tilstrekkeleg arbeidskraft ei hovudutfordring. Planarbeidet vil ta utgangspunkt i korleis utdanningssystemet kan bidra til robust tilgang på arbeidskraft og «rett» kompetanse både nå og i framtida.

Vi inviterer til å kome med innspel på kva tema som vil vere viktig å arbeid med i planen. Planprogrammet skal ikkje gje svar på spørsmål planen skal ta opp, men peike ut område/tema som kan vere sentrale for planarbeidet.

#### **Program:**

**Kl. 10. 00 Velkommen** v/Leiar av arbeidsgruppa **Bård Sandal**, regionaldirektør for regional utvikling, Hordaland fylkeskommune

**Innleiing v/ Ole Hope**, direktør Business Region Bergen

#### **Dimensjonering av utdanningar; utdanningstilbod og studieplassar**

- Kva er utfordringane?
- Kva omsyn ligg til grunn for samansetting av utdanningstilbod og tal på studieplassar
- Korleis kan ein plan bidra i denne samanheng?

#### **Innleiing:**

Hordaland fylkeskommune: Opplæringsavdelinga  
Høgskulen i Bergen  
Ola Rise, NHO

#### **Endringar og omstilling i samfunns- og arbeidsliv - nye krav til kompetanse**

- Kva er utfordringar i utdanningssystemet når det gjeld å handtere slike endringar?
- Kva for organisatoriske, faglige, politiske, økonomiske utfordringar er knytt til dette?
- Korleis kan ein plan bidra i denne samanheng?

#### **Innleiing:**

Hordaland fylkeskommune: Opplæringsavdelinga  
Avdelingsdirektør Christen Soleim, Universitetet i Bergen  
TTS Group

**Lunsj kl.12.15 -13.00**

### **Ungdomen sine utdannings- og yrkesval**

- Kva er utfordringar knytt til å gi dei eit godt grunnlag for vala; rådgiving, rettleiing og kunnskap om arbeidslivet?
- Kva for utfordringar står utdanningssystemet ovanfor i denne samanheng?
- Korleis kan ein plan bidra i denne samanheng?

### **Innleiing**

Kjell Helge Kleppestø, Senter for yrkesrettleiing

Ellen Margrethe Hansen, seksjonsleder skole, Bergen kommune

### **Opent for innspel om andre relevante utfordringar og tema**

**Avslutning** v/Bård Sandal

**PÅMELDING:** Send epost til [Agnete.Wiborg@hfk.no](mailto:Agnete.Wiborg@hfk.no)

Frist: **15.januar**

Gi beskjed om du skal ha lunsj eller ikkje



## FRAMLEGG TIL

### MØTEPLAN REGIONRÅDET VEST 2015

MØTE	DATO	STAD
<b>Rådmannsmøte</b> <b>Styremøte</b>	2. mars (09:00 -11:00) 2. mars (11:30 -13:30)	Askøy Askøy
<b>Tinget i Vest</b>	27. april	Sund
<b>Rådmannsmøte</b> <b>Styremøte</b>	11. mai (09:00 -11:00) 11. mai (11:30 -13:30)	Øygarden Øygarden
<b>KOMMUNEVAL</b>	<b>14. september</b>	
<b>Rådmannsmøte</b> <b>Styremøte</b>	16. november	Fjell Fjell

Vedteke i styremøte 19.01.15